

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 18.02.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av A, MDG og Krf fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg debathefte spm. 2, s. 8:

Godt utbygd breibandsdekning / mobildekning også der marknaden ikkje ordnar utbygging

Innovasjonsmidlar og avklarte rammer som sikrar at fylka vert i stand til å stille klare klimakrav gjennom innkjøpsordningane i tillegg til stimulering gjennom t.d. Enova, Klimasats og andre ordningar til miljøvenlege tiltak og det grønne skiftet.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ setning til første setning i nederste avsnitt s. 8:

Allereie i barnehagen kan ein langt på veg sjå kven som seinare vil få vanskar med å fullføre vidaregåande og klare seg i arbeidslivet»

### **Avrøysting**

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart samrøystes vedteken.

Brosvik sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt alternativforslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek saka til vitande.

2. Fylkesutvalet kjem med fylgjande innspel:

a. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 4:

Ungdomar mellom 16 og 21 år med rett til vidaregåande opplæring som har takka nei til offentleg skuletilbod, har eit venteår, ikkje har søkt eller fått skule- eller læreplass eller har avbrote vidaregåande opplæring vert følgde opp av oppfølgingstenesta (OT). OT er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og arbeider for å gi ungdomar i målgruppa tilbod om opplæring, arbeid eller anna sysselsetting. Ved utgangen av 2020 var det i overkant av 1200 OT-ungdomar i Vestland. Vestland fylkeskommune har utarbeidd tiltak spesielt retta mot denne målgruppa. Døme på slike tiltak er produksjonsskule, SEFF - Florø og studiesenter ved Årstad vidaregåande skule. Fylkeskommunen støttar i tillegg tilbakeføringstiltak i regi av private aktørar, som til dømes PitStop.

b. Nytt avsnitt under «Ungt utanforskap» - svar spørsmål 5

Det er trong for tverrsektorielt samarbeid for å hindre ungt utanforskap. For å sikre god inkludering av ungdomar er det viktig med tett samarbeid mellom skule, arbeidslivet, og helsetenestene. Det er òg viktig at lokale, regionale og statlege aktørar samhandlar om førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkeskommunen har ei viktig koordinerende rolle, men det er òg naudsynt med statleg medfinansiering av regionale tilbakeføringstiltak jfr. siste avsnitt under svar på spm. 4.

c. Tillegg til debathefte spørsmål 2, s. 8

Godt utbygd breibandsdekning / mobildekning også der marknaden ikkje ordnar utbygging. Innovasjonsmidlar og avklarte rammer som sikrar at fylka vert i stand til å stille klare klimakrav gjennom innkjøpsordningane i tillegg til stimulering gjennom t.d. Enova, Klimasats og andre ordningar til miljøvenlege tiltak og det grønne skiftet.

d. Alternativ setning til første setning i nedste avsnitt s. 8

Allereie i barnehagen kan ein langt på veg sjå kven som seinare vil få vanskar med å fullføre vidaregåande og klare seg i arbeidslivet

3. Merknad til Tariffnotat 2021:

Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft.

Fylkesutvalet merkar seg at oppgjeret for offentleg sektor for 2020 følgde tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.